



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Voss
Dato: 10.02.2023
Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møte startar med lunsj frå 12:00-13:00

SNO v/ Kristoffer Ullern Hansen deltek i møtet og gir svar på SNO-ressursar 2023.

Møteplan for resten av året vert sett opp i møte.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/23	Orientering og referatsaker		
RS 1/23	Orientering frå Stølsheimen verneområdestyre - senking av vasstanden i Vassøyane - Stølsheimen landskapsvernområde		2022/9567
RS 2/23	Informasjon frå Stølsheimen verneområdestyre - oppdateret konsesjon til kraftleidning Refsdal-Modalen		2022/15399
RS 3/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel kjentmannstur - evakueringsrute frå RV 13 på Vikafjellet over Finnbunuten		2023/1223
RS 4/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - RV 13 til Rappen - motorferdsel - snøskuter		2023/1545
ST 4/23	Høyringsinnspel - Stølsheimen landskapsvernområde - marin verneplan Sognefjorden		2022/16971
ST 5/23	Retningsliner for solcellepanel - Stølsheimen landskapsvernområde		2023/1571
ST 6/23	Stølsheimen landskapsvernområde - Hallsetstølen 61/1 - solcellepanel stølshus		2022/14394
ST 7/23	Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidler 2023		2022/15789

ST 1/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 2/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 3/23 Orienteringar og referatsaker
RS 1/23 Orientering frå Stølsheimen verneområdestyre - senking av vasstanden i Vassøyane - Stølsheimen landskapsvernområde
RS 2/23 Informasjon frå Stølsheimen verneområdestyre - oppdateret konsesjon til kraftleidning Refsdal-Modalen
RS 3/23 Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel kjentmannstur - evakueringsrute frå RV 13 på Vikafjellet over Finnbunuten
RS 4/23 Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - RV 13 til Rappen - motorferdsel - snøskuter



Arkivsaksnr: 2022/16971-0

Sakshandsamar: Ivar Optun Andersen

Dato: 03.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	4/23	10.02.2023

Høyringsinnspel - Stølsheimen landskapsvernområde - marin verneplan Sognefjorden

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre sender saksframlegget i denne saka som innspel til verneprosessen for Sognefjorden med tilhøyrande utgreiingsprogram.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Melding om oppstart av arbeid med marint vern Sognefjorden og tilhøyrande utgreiingsprogram, *Statsforvaltaren i Vestland*, 08.12.2022
- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990

Statsforvaltaren i Vestland har sendt ut oppstartsmelding av verneprosess for Sognefjorden etter naturmangfaldlova § 42. Høyringsfrist for innspel er 15. mars 2023.

Det ligg vesentlege nasjonale og internasjonale forpliktingar til grunn for marint vern i Sognefjorden. Innan 2020 har Noreg forplikta seg til å bevara 17 % av landareala og 10 % av sjøareala. Marint vern er samstundes sentralt for Havpanelet, der Noreg støttar eit globalt mål om å verne og beskytte 30 % av havet innan 2023.

Frå Utgreiingsprogram - Marin verneplan for Sognefjorden:

«Utgangspunktet for vern av Sognefjorden er Rådgivande utval for marin verneplan (Skjoldal m.fl. 2003, 2004) sitt forslag om å verne 36 område i Noreg, der Sognefjorden er eitt av desse kandidatområda. Dette utvalet vart oppnemnt i 1991. Utvalet la fram ei kartlegging av eigna marine verneområde i 1995, og ei bruttoliste over moglege kandidatområde til marin verneplan i 2001. I 2003 la utvalet fram ei førebels tilråding med forslag til område som blir tatt med i verneplanen, følgt opp av ei endeleg tilråding i 2004.



Områda blei valt ut for å dekke variasjonsbreidda og sikre representative, særreigne, sårbare og truga marine naturverdiar. Utvalet tilrådde ei verneform der ein beskyttar det undersjøiske landskapet med sitt mangfald av habitat, samstundes som ein tillèt næringsverksemd som ikkje er i strid med verneføremålet. Utvalet kom fram til at ein kombinasjon av vern og bruk er mogeleg for dei fleste områda».

Vurdering

Stølsheimen verneområdestyre er positive til eit marint vern av Sognefjorden. Verneområdestyret er av den oppfatning at det i stor grad vil kunne bidra positivt med eit marint vern til allereie verna område langsmed Sognefjorden, Finna fjorden og Arna fjorden. Verneområdestyre ønskjer likevel å påpeika at i utgreiingsprogrammet står det: *«Vernegrensa skal i utgangspunktet gå to meter under sjøkartnull for å gå klar av privat eigedom. Unntaket er der verneområde på land går ned til havnivå. Eit anna viktig unntak kan vere på strekningar der grunne område, strand og/eller tilgrensande landareal har særleg naturkvalitetar og/eller er særleg påverka for inngrep».* Verneområdestyret ønskjer at det vert gjennomført ei konsekvensutgreiing der fordelar og ulemper med at vernet ikkje er gjeldande 2 m under sjøkartnull vert undersøkt grundig.

I Stølsheimen landskapsvernområde er det opning for havbeite og havbruk. Verneområdestyre ønskjer ei avklaring på kva påverknad havbeite og havbruk kan ha på marint vern. Er havbeite og havbruk foreinleg med eit marint vern eller kan dei marine verneverdiane verta negativt påverka?

Der marint vern fell saman med landskapsvernområde, bør det avklarast kven som har forvaltningsansvaret.





Arkivsaksnr: 2023/1571-0

Sakshandsamar: Ivar Optun Andersen

Dato: 03.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	5/23	10.02.2023

Retningslinjer for solcellepanel - Stølsheimen landskapsvernområde

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre vedtek retningslinjer for montering av solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde – 10.02.2023.

Saksopplysningar

Bakgrunn for saka:

Stølsheimen landskapsvernområde har stølsmiljø med ulik framtoning. Nokre av stølane har framleis autentiske steinsel, men dei fleste er modernisert. Fleire av stølshusa vert brukt som hytter i kombinasjon med landbruk. Forventningane om at stølshusa skal ha ein tidsmessig standard har auka, noko som har ført til at solcellepanel er vorte meir aktuelt for å dekke energibehovet på stølane. Difor ønskjer Stølsheimen verneområdestyre å vera tidleg ute med retningslinjer for solcellepanel i verneområdet.

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990.
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017

Vurdering

Solcellepanel er vorte eit meir realistisk alternativ til dieselaggregat dei seinare åra. Teknologien har vorte billigare og meir effektiv. Noko som gjer at solcellepanela er meir og meir vanleg i fjella våre. Solcellepanel vert sett på som eit meir miljøvennlege alternativ enn dieselaggregat og forvaltningsstyresmakta ser positivt på at dieselaggregat vert bytta ut med solcellepanel i verneområdet. Difor har forvaltningsstyresmakta utarbeidd retningslinjer for solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde.



Under arbeidet med retningslinene har forvaltningsstyresmakta innhenta informasjon om refleksjonsverdiar, solcelleteknologi og arrangert eit foredrag kvar forskingsjef ved Institutt for energiteknikk Erik Stensrud Marstein informerte om kva teknologi som er tilgjengeleg på marknaden, korleis teknologien fungerer og kva som kan vera mogleg på stølshus.

I forberedande samtaler med seniorrådgjevar Øistein Monsen hjå Vestland Fylkeskommune vart forvaltningsstyresmakta gjort oppmerksom på at refleksjon frå solcellepanel kunne vera eit problem for landskapets art og karakter. For å få ei betre oversikt over forskinga på solcellepanel og om refleksjonar kan vera problematisk for dyrelivet og oppfatninga av landskapet, har forvaltningsstyresmakta gjennomgått mykje av litteraturen som er tilgjengeleg. Litteraturen beskriv problematikk med solcelleparker og større installasjonar, spesielt er problema knytt til fuglelivet. Fuglar nyttar refleksjonar i vassoverflata til navigasjon og kan feiltolka refleksjonane frå solcelleparker til å vera refleksjonar frå vassoverflata.

For å få ein betre forståing for korleis solcellepanela reflektera til omgivnadene var forvaltningsstyresmakta i kontakt med professor Johannes Skaar ved Universitet i Oslo. Skaar er professor i fysikk og har kvanteoptikk (kvanteeigenskaper ved lys) som sitt spesialfelt. Diskusjonen med professor Skaar var rundt vinkling av solcellepanela. Det kom fram at vinkling ikkje er like problematisk som først anteke. Refleksjonane vil truleg vera mest problematisk ved enkelte tidspunkt på døgnet og ved spesifikke plasseringar i terrenget. T.d., står ein høgare i terrenget enn eit solcellepanel som er vinkla opp mot sola kl. 12, kan ein oppleve refleksjonar kl. 12. Under foredraget med Marstein vart refleksjonar frå solcellepanel eit tema og det vart informert om at solcellepanel kan reflektera mindre enn eit vanleg vindauge.

Sidan det her er tale om enkeltstående solcellepanel vert ikkje problema med refleksjonar vurdert som store.

På føredraget med professor Marstein vart det informert om kva som er teknisk mogleg med bygningsintegrerte solcellepanel. Her vart t.d., Strand kyrkje og Olje og Energidirektoratet (OED) trekt fram. Strand kyrkje har nytta solceller for å etterlikna skifertak og OED har nytta solcellepanel i ulike fargar som fasade. Andre fargar enn svart vil gje lågare effektivitet. Nemnte løysingar syner kva som er teknisk mogleg per i dag.

Det vart og innhenta ein uttale frå seksjonen for kulturarv hjå Vestland fylkeskommune. Dei påpeikar: *«Når det gjeld plassering, storleik og form på solcellepanelet skal det takast omsyn til bygningens karakter og opphavslege funksjon i kulturmiljøet og landskapet. Ved etablering av solceller må ein unngå gjenskin frå panelet og store kontraster i høve eksisterande fasade. Det må takast omsyn til eksisterande farge- og materialbruk. For eldre bygningar må ikkje solcellepanel erstatte materiale eller bygningselement som bidreg til opplevinga av bygnadens autentisitet. Verknaden av nye tiltak må vurderast med omsyn til nær og fjernverknad».*

Forvaltningsstyresmakta har våre i kontakt med jurist hjå Miljødirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland for å kvalitetssikre retningslinene. Retningslinjene har vorte tilpassa deira forståingar av lovverket og forskrifter.



Retningslinjer for oppsetting av solceller i Stølsheimen landskapsverneområde – 10.02.2023

Framover er det venta å verta meir populært med solcellepanel på stølar og hytter. Derfor ynskjer vi å være tidleg ute med retningslinjer for oppsetjing av solcellepanel i verneområdet.

Regler i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde:

Føremålet med vern av Stølsheimen er «å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske».

I Stølsheimen vert stølane rekna som kulturminne. Det er framleis stølsbygningar og stølsmiljø, t.d., Solrenningane og Vøvringsen med eit autentisk preg, men nokon stølar har vorte ombygde med eit hyttepreg. Solcellepanel kan i enkelte stølsmiljø endre landskapets art og karakter og dei tradisjonelle stølsmiljø kan derfor verta oppfatta annleis. Det kan derfor vera grunnlag for å vurdere bygningane i Stølsheimen ulikt utifrå bygningstype.

Temaet er ikkje beskrive i forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde.

I verneforskrifta punkt IV heiter det at *alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av t.d., ...anlegg og faste innretingar...*

Reglane i verneforskrifta i er ikkje til hinder for:

- punkt V nr. 6 *Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg...vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materialar.*

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan på nærare vilkår gje løyve til:

- Punkt VI nr. 3 *restaurering og gjenoppføring av stølshus i stølsområda etter plan og teikningar utarbeidde i samråd med fylkeskonservatoren.*

Solceller er ikkje spesielt nemnt som unntak i punkt V eller punkt VI i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde.

Solcellepanel vurderast til å vera eit teknisk inngrep og ein fast innreting, og er eit søknadspliktig tiltak. Det må i kvart enkelt tilfelle vurderast om solcellepanel er i strid med verneverdiane i Stølsheimen

Vurderingar av verknad av solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde:

Fasadeendring vurderast ikkje som vedlikehald. Solcellepanelet kan påverka verneverdiane i Stølsheimen fordi inntrykket av stølsmiljøa vert endra, og installasjonen vert vurdert som fasadeendring. Det er viktig å ta omsyn til at området skal kunne nyttast til landbruk, og i dagens landbruk kan ein ha behov for enkelte tekniske hjelpemiddel.

Søknad om solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde vart diskutert med Rådgjevande utval for Stølsheimen i eit dialogmøte. Dei meiner at solcellepanel påverkar landskapet i Stølsheimen, og må vurderast i kvart einskild høve.

På enkelte stølshus er det sett opp solcellepanel. Sjølv om dei er oppført i god tru, må eigaren av stølshuset søkja til forvaltningsstyresmakta. Jf. pkt. IV. nr 1 i verneforskrifta skulle eigaren av stølshuset ha søkt forvaltningsstyresmakta før solcellepanelet vert oppsett.



Ved handsaming av søknad om løyve til oppføring av solcellepanel, skal verneområdestyret vurdera den samla belastninga i eit stølsmiljø jf. nml. § 10 (*økosystemtilnærming og samlet belastning*). Før det vert gjort fasadeendringar, bør ein ha vore i kontakt med kulturminnemyndigheita hjå Fylkeskommunen for å vurdera påverknaden på bygningen (jf. pkt. VI. nr 3).

For å vurdera den samla effekten av solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde, kan det vera føremålstenleg å kartlegga kor mange solcellepanel som er oppført innafor verneområdet, og på kva slags type stølshus dei har vorte oppført. Den samla effekten av solcellepanela kan føre til endra forvaltningspraksis.

Forvaltningsstyresmakta oppfattar det som positivt at stølshusa vert brukt og teke vare på. Derfor er det naudsynt at bruk og vern kan kombinerast og at området samstundes kan tilpassast til dagens bruk. Stølsheimen er eit landskapsvernområde, landskapsvernområde er den mildast verneforma. Det at landskapsvernområde er den mildaste verneforma må omsyntakast når ein skal vurdera verknadane av solcellepanel.

Ofte får ikkje eit enkelt tiltak stor betydning, men mange tiltak av same art kan auke den samla belastninga. Får ein solcellepanel på fleire autentiske stølsbygningar i Stølsheimen kan landskapets art og karakter bli endra, og ein må vurdera belastninga ut ifrå det enkelte stølsmiljøet. Det bør takast omsyn til eksisterande farge- og materialbruk. For eldre bygningar bør ikkje solcellepanel erstatte materiale eller bygningselement som bidreg til at opplevinga av bygnadens autenticitet vert endra. Verknaden av nye tiltak bør vurderast med omsyn til nær og fjernverknad

Oppføring av solcellepanel kan forårsaka gjenskin når sollys/månelys treffer panelet. Gjenskin kan påverka dyrelivet i området og samtidig forstyrre intrykket av Stølsheimen landskapsvernområde. For å minska gjenskin og forstyringane av solcellepanela kan det monterast flatt på veggen og i fargar som passar inn i det enkelte stølsmiljøet.

Verneområdestyre må vurdera korleis ein kan unngå eller avgrensa skader på naturmangfaldet § 12 (*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*).

For å avgrensa påverknaden bør solcellepanela monterast slik at dei har minst mogleg påverknad på naturmangfaldet. Det kan verta sett vilkår som seier noko om plassering, storleik, utsjåande på solcellepanelet og kor lenge enkeltvedtaket gjelder.

Solcellepanelet bør ikkje vera større enn strengt naudsynt for kva ein treng på et stølshus, og til enkelt friluftsliv. På stølen kan ein t.d., trenga sikringsradio og GPS/ satellittsendar til sauesank. Auka standard på stølshusa, og auka utstysbruk, vil kunne føra til auka transportbehov til stølane. Dette vil vera ei uheldig utvikling som bør vektleggjast i handsaming av søknader om installering av solcellepanel.

Den teknologiske utviklinga skjer raskt og det kan vera aktuelt å tidsgrensa kor lenge ein kan ha det aktuelle solcellepanelet. Det kan ha komme nye løysingar som er betre egna for stølshus enn det som var tilgjengeleg på daverande tidspunkt, jf. nml. § 12 om å vurdera den beste miljømessig metoden.



Retningslinjer for søknad knytt til solceller:

Solcellepanel må vurderast etter dispensasjonsreglane i naturmangfaldlova § 48. Tiltaket skal passa inn i kulturlandskapet, derfor kan det verta gitt føringar på solcellepanelet sin utsjånad, storleik og plassering. Det kan òg vera aktuelt å gje løyve for ein tidsavgrensa periode.

Moment i vurdering av tiltaket er:

- formål med tiltaket, og behovet for tiltaket
- storleik og form på solcellepanel
- farge på solcellepanelet
- plassering av solcellepanelet
- stølsmiljøet og landskapets heilheit.

Dokumentasjon som skal vera med søknaden:

- bilete av solcellepanelet
- foto av bygningen der solcellepanelet er teikna inn
- kva behov skal solcellepanelet dekkja?
- samla straumforbruk for utstyret som trengst



Arkivsaksnr: 2022/14394-0

Sakshandsamar: Ivar Optun Andersen

Dato: 01.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	6/23	10.02.2023

Stølsheimen landskapsvernområde - Hallsetstølen 61/1 - solcellepanel stølshus

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev eigaren av stølshuset på Hallsetstølen i Vik kommune v/ Jarle Hønsi dispensasjon til fasadeendring ved oppføring av solcellepanel på stølshuset på Hallsetstølen. Dispensasjonen er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Det vert sett som vilkår at:

- solcellepanelet kan monterast på taket eller som omsøkt, på den sørvendte vegg, mot Nabbanosi. Panelet kan monterast flatt på vegg eller vinklast mot sola for å utnytta panelet best mogleg.
- solcellepanelet skal vera monokrystallinsk i matt svart farge og ikkje større enn 110 cm breidt og 60 cm høgt.
- det skal ikkje monterast utelys på bygningen som følgje av tiltaket.
- løyvet gjeld for 5 år frå vedtakstdato.
- søkjar skal etter oppføringa av solcellepanelet sende bildedokumentasjon av gjennomført tiltak til Stølsheimen verneområdestyre.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om montering av solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde, Jarle Hønsi, 09.01.2023
- Fasadeteikning med solcellepanel
- Illustrasjonsfoto av solcellepanel

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990.
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017.



Søknaden

Eigaren av stølshus på Hallsetstølen Jarle Hønsi søker om å setta opp eit solcellepanel på stølshuset tilhøyrande gard/bruksnummer 61/1, Åsevegen 177, 6893 Vik i Sogn. Det vert søkt om å montera eit solcellepanel på 148x67 cm med 180 watts effekt, på den sørvendte veggen, mot Nabbanosi. Panelet har matt svart spegl med svart ramme og vert montert jevnt/plant med veggen.

«Størrelsen på dette panelet anses som passelig med tanke på vedlikeholdslading av anleggets batterier ved mørke og kalde perioder og generell drift av anlegg haust vår. Det er etter anbefaling av andre med solcellepanel i fjellet å holde seg effektmessig mellom 160-180 watt på panel, spesielt med tanke på vedlikeholdslading vintertid.

Det som primært skal driftes av anlegget er innendørs belysning, der det vil bli 6 stk. lyspunkt. I tillegg til dette vil det bli montert et ladepunkt for opplading av støvsuger, sikringsradio, gps/sattelittsender og diverse annet nødvendig utstyr til sauetilsyn/sank og annet vedlikehold. Det vil også bli montert en lader til elektrisk ryddesag/gresstrimmer og motorsag for vedlikehold og opprydding på selbø med mer (da dette er en nødvendighet etter det ble slutt med storfe i området). Ønsker også å sette inn et elektrisk kjøleskap på sikt.

Solcellepanelet forventes montert i løpet av vår/sommar 2023»



Figur 1. Innsendt fasadeteikning frå søkjar, med solcellepanel på fasade i sørvendt retning mot Nabbanosi.



Figur 2. Innsendt illustrasjonsfoto av solcellepanel som skal nyttast på stølshuset.

Lovgrunnlaget

«Formålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. verneforskrifta pkt. III.

I verneforskrifta pkt. IV nr. 1 *Alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretingar.*

Tiltaket med montering av solcellepanel er fasadeendring og ikkje nemnt i dei spesielle dispensasjonsreglane. Difor må tiltaket vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ; *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».* Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (NML) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Omsøkt tiltak vil medføre fasadeendring, og vurderast difor ikkje som vedlikehald. Søknaden må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Forvaltningsstyresmakta kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påvirke verneverdiane nemneverdig, eller dersom samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Søknad om dispensasjon etter første ledd skal innehalde tilstrekkeleg informasjon om tiltakets



verknad på verneverdiane. I dispensasjonen etter fyrste ledd skal grunngevinga for vedtaket vise korleis forvaltningsstyresmakta har vurdert verknadane som dispensasjonen kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Temaet er ikkje omtalt i forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde. Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48:

§ 8 «kunnskapsgrunlaget» og § 9 «føre-var-prinsippet»

Stølshuset tilhøyrerende gards- og bruksnummer 61/1, Åsevegen 177, 6893 Vik i Sogn (788 moh) er ein del av stølsmiljøet på Hallsetstølen. Stølsmiljøet på Hallsetstølen er bygd opp av nyare og moderniserte stølshus. Det finst ingen intakte steinsel, og det er lite autentisk preg på stølsmiljøet på denne stølen. Søk i artsobservasjonar viser at fiskemåke (sårbar) og rødstilk (nær trua) er observert i området. Hallsetstølen er ein del av Fjellheimen villreinområde. Solcellepanelet vil vera fastmontert på stølshuset og vert difor ikkje regnet som habitatsendring. Tiltaket vil truleg ha liten eller ingen påverknad på verken fiskemåke eller rødstilk. Det er ikkje kjent at villrein vert påverka av gjenskin frå solcellepanel. Kunnskapsgrunlaget vurderast tilstrekkeleg for å kunne behandle søknaden. Difor er nml. **§ 9 Føre-var-prinsippet** ikkje vektlagt.

§ 10 «økosystemtilnærming og samlet belastning»

Per i dag er det ingen retningslinjer for oppføring av solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde. Difor har forvaltningsstyresmakta innhenta eit generelt kulturminnefagleg innspel om solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde frå Fylkeskommunen.

Fylkeskommunen uttalar på generelt grunnlag: *«når det gjeld plassering, storleik og form på solcellepanelet skal det takast omsyn til bygningens karakter og opphavslege funksjon i kulturmiljøet og landskapet. Ved etablering av solceller må ein unngå gjenskin frå panelet og store kontraster i høve eksisterande fasade. Det må takast omsyn til eksisterande farge- og materialbruk».*

Søknaden om 1 stk. enkeltstående panel (148x67cm) vurderast til å påverka landskapets art og karakter uforholdsmessig mykje i forhold til storleiken på stølshuset. Sjølv om tiltaket vurderast som reversibelt ved at installasjonen enkelt kan fjernes, vurderast presedensverknaden som svært høg. Solcellepanel som vinklast opp mot sola vil mest truleg ikkje gje meir markant gjenskin enn om det monterast flatt på veggen. Gjenskin frå solcellepanelet kan førekomme, men vert ikkje sett på som problematisk for dyre- og fuglelivet rundt Hallsetstølen. Landskapets art og karakter kan truleg verta påverka av gjenskin frå solcellepanelet. Stølshuset er tidlegare modernisert og har ikkje eit autentisk preg. Landskapets art og karakter vert difor truleg ikkje vesentleg påverka av eit moderat stort enkeltstående solcellepanel. Solcellepanel gjer mogleg å lade nødvendig landbruksutstyr som til dømes GPS, satellittsendarar og sikringsradio.

I retningslinjene frå Miljødirektoratet for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48 står det: *«Tiltakets omfang har betydning for graden av påvirkning på verneverdiene. Dette har igjen betydning for presedensvurderingen, ved at store tiltak får potensielt større konsekvenser sammen med andre tilsvarende tiltak enn det som er tilfelle for små tiltak. Man vil dermed akseptere mindre risiko for presedens ved store tiltak enn ved mindre tiltak. Eksempler på tiltak av stort omfang, er oppføring av nye bygninger. Små uthus*



i tilknytning til hytte kan imidlertid etter forholdene anses som tiltak av mindre omfang. Det samme gjelder tilbygg. Terskelen for å gi dispensasjon til tilbygg til eksisterende hytter slik at disse kan oppgraderes til tidsmessig standard, skal ligge lavere enn for å gi dispensasjon til nybygg».

Vurderinga til Miljødirektoratet er tillagt stor vekt. Terskelen skal vera lågare for å gje dispensasjon for at eksisterande bygg kan oppgraderast til tidsmessig standard. Miljødirektoratet vurderer små uthus i tilknytning til ei eksisterande hytte som eit mindre tiltak som enklare kan få løyve. Forvaltningsstyresmakta tolkar at hytte og stølshus er tilnærma likestilt i verneområda. Tiltaket slik som det er innstilt frå forvaltningsstyresmakta er difor ikkje vurdert til å påverke verneverdiane nemneverdig. Stølsmiljøet på Hallsetstølen er per. i dag utan solceller, verneføremålet vert difor ikkje nemneverdig påverka.

§ 11 «kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver»

Dette prinsippet vurderast som ikkje relevant for saka.

§ 12 «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder»

Solceller vert sett på som fornybar energi og som eit betre alternativ enn dieselaggregat for å løyse energibehovet på Hallsetstølen. Det er søkt om eit solcellepanel med matt svart spegel. Det er vurdert at den mest effektive og minst sjenerande teknologien er matte svarte monokrystallinske solcellepanel. Forvaltninga har vore i kontakt med fylkeskommunen, deira vurdering er at: «solcellepanelet burde monterast på taket av omsyn til refleksjonsverknad. Dersom takmontering er for teknisk krevjande, bør fargen på solcellepanelet tilpassast veggfargen, og elles ha eit relativt lite format. Ideelt sett bør ikkje panelet vera større enn eit vindauge, uansett burde panelet ha ei matt svart overflate». Tiltaket er difor vurdert til å være den beste løysinga på Hallsetstølen med den kunnskapen som er tilgjengeleg pr. dags dato. Teknologien innanfor fornybar energi er under stadig utvikling. For å kunne få den beste miljømessige løysinga for stølshusa, er det i dette tilfellet aktuelt med avgrensa tidsperiode for løyvet til solcellepanel. Med vilkår om montering av monokrystallinsk matt svart panel og tidsavgrensing vil dette tiltaket gje liten påverknad på landskapet og moglegheiter for å oppdatera teknologien i framtida.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderinga etter nml. §§ 8-12, verneforskrifta og retningslinene frå Miljødirektoratet, vurderer forvaltar konsekvensane av montering av eit enkeltstående solcellepanel (110x60 cm) som lite og reversibelt. Tiltaket samla sett vurderast til å påverke verneverdien i liten grad, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Presedensverknaden vert vurdert som svært høg, difor har forvaltninga lagt vekt på presedens når det omsøkte tiltaket har vorte behandla. Eit moderat enkeltstående solcellepanel vert ikkje sett på som problematisk, derimot kan verneverdiane verta forringa om ein får fleire markante solcellepanel på stølshus i eit stølsmiljø. Forvaltningsstyresmakta ønskjer samstundes å gjera oppmerksom på at ein oppgradering til tidsmessig standard, og auka utstyrsbehov kan føra til auka transport inn til stølane.



Arkivsaksnr: 2022/15789-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 02.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	7/23	10.02.2023

Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidlar 2023

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidlar for 2023 etter fylgjande tiltaksplan:

Tiltaksplan for Stølsheimen 2023		
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Revidert budsjett
Skjøtsel av kulturlandskap		
Prosjektleiing	25 000	25 000
Sylvarnesdalen - slått selbøen	10 000	10 000
Smørklepp og Fidnaselbøen - slått med ryddesag	6 000	6 000
Negardstølen, tistelfjerning, nyrenningar	5 000	5 000
Rosete - tistelfjerning	5 000	5 000
Skjøtsel i Finnabotnen jf. Skjøtselsplan, Botnastølen, Flåten, innmark rundt tunet. Styva 2 almar (10 000 pr. tre)	35 000	35 000
Hest - rydde sprake	15 000	15 000
Ytstestølen - ettersyn	2 000	2 000
Solrenningane - tueslått	30 000	30 000
Bjørkestølen, rydde skog i randsona	15 000	15 000
Åsedalen og Hallsetstølen, ettersyn	5 000	5 000
Vatnane - fjerna tre og kratt	20 000	20 000
Brydalen - rydde tre og kratt	20 000	20 000
Mørkves – Grøndalen, tueslått	15 000	15 000



Skjøtsel av stølsvegar og stiar		
Planlegging, restaurering av buføresti frå Ålrek til Skardsvatnet	30 000	30 000
Sti til Åsehidleren, rydda	10 000	10 000
Sti Finnabotnen - Fagerdalen, eit punkt + etterrydding	10 000	10 000
Sti Finnabotnen til Vetlehovden på sti til Finnen	10 000	10 000
Vedlikehald stien i Sendedalen	30 000	30 000
Tilretteleggingstiltak		
Bru til Granden, ferdigstilling	5 000	5 000
Opprydding strandsona, søppelplass	50 000	50 000
Informasjonstiltak		
Planlegging av infrastruktur innfallsport Modalen og Voss	100 000	100 000
Parkeringsplass på Brekke	30 000	30 000
Design temaskilt	30 000	30 000
Innkjøp skilt	93 000	60 000
Montering av skilt	200 000	127 000
SUM	806 000	700 000

Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innan for budsjetttramma.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Midlar til forvaltning av verneområde 2023. *Miljødirektoratet, Elektronisk søknadssenter*
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017

Miljødirektoratet har tildelt tiltaksmidar til planlagde tiltak i 2023, og midlar til drift av verneområdestyret og planleggingsmidlar. Miljødirektoratet har tildelt kr. 700 000 i tiltaksmidar for 2023 til Stølsheimen verneområdestyre. Det er tildelt kr. 163 000 til drift av styret, og kr. 30 000 til oppstart av skjøtelsesplan for Finnabotnen og Finnen.

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidar til forvaltning av verneområde. Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde og betra, og ynskja folk velkomen inn for gode naturopplevingar. I den nye strategien for 2020-2025 vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. Døme på truslar på verneverdiane er attgroing, forstyrringar og ureining.

Stølsheimen verneområdestyre behandla tiltaksplan for 2023 for Stølsheimen landskapsvernområde i sak 35/22, 02.12.22. Det vart sendt søknad til Miljødirektoratet om kr. 806 000 i tiltaksmidar i tråd med godkjent tiltaksplan.



Vurdering

Forvaltar rår til at tiltaksmidlane vert fordelt på tiltaka i tråd med føringane frå Miljødirektoratet. I innstillinga er det sett framlegg om endring på fylgjande tiltak:

- ✓ Informasjonstiltak – Ferdigstilling av skilt i Vik og Høyanger vert prioritert før montering av nye skilt. Arbeid med planlegging av infrastruktur på innfallsportar i Modalen og Voss bør koma i gang før fleire skilt vert montert.

Det er inngått avtale med Nils Kvamme om skjøtsel i landskapsvernområde i åra frå og med 2020 til og med 2023. Avtalen er inngått med atterhald om finansiering. Nils Kvamme er prosjektleiar for tiltaka og organiserer skjøtelsesarbeidet i tråd med prioriteringar i tiltaksplanen, og i samarbeid med forvaltar. Skjøtelsesarbeidet startar opp etter det er skrive avtale med grunneigarar i dei aktuelle områda.

På bakgrunn av erfaring med tiltak tidlegare år, kan det verta endringar på kva tiltak som vert gjennomført og kostnadane med tiltaka. Forvaltar rår til at forvaltar i samråd med styreleiar kan fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak og innanfor budsjettamma.